



Postmottak OED

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anniken Friis, 5557 2313

Julie Marie Andersen, 5557 2355

Uttale til høyringsdokument - NorthConnect søker om ny utanlandskabel mellom Noreg og Storbritannia

Fylkesmannen meiner at Olje- og energidepartementet (OED) må vurdere om ny kunnskap i form av tilleggsutgreiingar om marint naturmangfald er nødvendig for den vidare sakshandsaminga. Ny kunnskap om korallar på djupt vatn vil vere ein viktig føresetnad for å kunne sette vilkår som fullt ut varetek omsynet til det marine naturmangfaldet, inkludert detaljert kabeltrase i MTA-planen.

Det er problematisk at ny naturfagleg kunnskap ikkje er gjort offentleg tilgjengeleg for alle høyringspartar som del av avgjerdsgrunnlaget.

Fylkesmannen viser til høyringsdokument knytt til NorthConnect (NC) sin konsesjonssøknad om å leggje kabel frå Sima i Eidfjord kommune til Peterhead i Skottland. NVE har vurdert prosjektet når det gjeld miljø, naturressursar, kraftsystem og kraftmarknad i oversendinga til Olje- og energidepartementet av desember 2019¹.

Fylkesmannen i Hordaland ga uttale til konsesjonssøknaden i mai 2018. Utgreiingsprogrammet for konsekvensutgreiinga vart fastsett i 2011. Fagrapporten om naturmangfald² er basert på eksisterande kunnskap på dette tidspunkt, og feltarbeid ein dag, 27. mai 2012. Det er difor slik at konsesjonssøknaden er basert kunnskapsgrunnlag som går attende til 2011.

NC har i tida etter søknadsperioden gjennomført nye kartleggingar³ av naturmangfaldet langs aktuell trase for kabelen. Det naturfaglege materialet i rapporten vart presentert for Fylkesmannen i Vestland på eit møte 2. mars 2020.

¹ NVEs vurdering av NorthConnect. Utenlandskabel mellom Norge og Skottland.

² Likestrømsforbindelse mellom Norge og Storbritannia: Konsekvenser for naturmangfald. Ecofact/Ambio nov 2012/revidert 2016.

³ NorthConnect: Benthic Survey Report. 102273-NOC-MMT-SUR-REP-ENUKNSNF. REVISION A. ISSUED FOR USE. April 2018 (U.O).



NVE sin vurdering av konflikt med naturmangfald og verneverdiar

NVE har vurdert konflikt knytt til registrerte førekomstar av tareskog, israndavsetningar og korallrev langs traseen. Vidare har dei kommentert området der kabelen må krysse kandidat område for marint vern i ytre Hardangerfjord. NVE meiner verknadene av tiltaket vil vere akseptable dersom anleggsarbeidet skjer på ein måte som ikkje fører til spreiding av sediment, jf. følgjande utdrag frå deira tilråding:

Legging av kabelen kan virvle opp sedimenter som kan påvirke korallrev i nærheten av sjøkabelen. NVE har foreslått tiltak for å redusere de negative virkningene av anleggene dersom det gis konsesjon, og ved realisering av disse har vi vurdert at virkningene vil være akseptable.

.....

Kandidatområdet for marin verneplan og viktige marine naturtyper i Hardangerfjorden vil kunne bli noe berørt av tiltaket, men NVE vurderer at de ikke blir vesentlig berørt.


Ny og oppdatert kunnskap

På møtet 2. mars kom det frå at NC har påvist viktige førekomstar knytt til marint naturmangfald som tidlegare ikkje var kjent i vidare omfang. Siste funn frå undersøkingstraséane viser førekomstar av bambuskorallskogbunn, ein naturtype som i dag er karakterisert som sterkt trua, jf. oversyn over Norsk raudliste for naturtypar i [Artsdatabanken](https://artsdatabanken.no/). Naturtypen er registrert langs heile traseen, men i særleg grad frå Norheimsund og innover.

Fylkesmannen har etterspurt meir data og foto knytt til NC sine undersøkingar. Eit av fleire viktige tema er tettleiken av bambuskorallen der vi finn naturtypen. Dette vil vere avgjerande for vurdering av konfliktpotensialet knytt til tiltaket.

Bambuskorall (*Isidella lofotensis*)

Bambuskorallen (Fig. 1) er ein hornkorall, ser ut som eit lite tre og blir ikkje høgare enn ca. 30 cm. Den er forankra med ei skjellettplate i mudderbotn (www.hi.no). Denne korallen er unik for Noreg, og vi har difor eit spesielt ansvar for å ta vare på den nær trua naturtypen bambuskorallskog. Bambuskorall veks seint og ein trur at den blir like gamal som andre hornkorallar, altså minst 50 år. Artar som trivst i denne naturtypen er mellom anna reker, amphipodar og andre smådyr. Den raudlista blålanga ser også ut til å trivast her.



Figur 1: Bambuskorallskog i Hardangerfjorden i 2009. (Foto: EPIGRAPH - Havforskningsinstituttet)

I NC si miljøundersøking i Hardangerfjorden frå 2018 er store parti av fjorden skildra som ein «coral garden». Denne nemninga er henta frå OSPAR-konvensjonen si skildring av denne naturtypen av forskjellige samlingar av korallar, blant anna bambuskorall (<https://www.ospar.org/work-areas/bdc/species-habitats/list-of-threatened-declining-species-habitats>).



Når vi ser bilete tatt under deira ROV undersøking er der bilete av bambuskorall. Dette underbygger informasjon frå EPIGRAPH prosjektet (Havforskningsinstituttet) og informasjon vi har fått i løpet av 2019 frå andre miljøundersøkingar frå Hardangerfjorden, der konsulentfirma har funne bambuskorall ved fleire høve på store djup. OSPAR viser til at ein tett førekomst av denne type korall, ligg rundt 50 – 200 individ per 100 m².

Fylkesmannen har såleis hatt kjennskap til at bambuskorall og bambuskorallskog finst i Hardangerfjorden, men den store utbreiinga har ikkje vore kjent veldig mykje lenger enn 2019, då ROV-utstyr brukt tidlegare ikkje har hatt lang nok kabel til å komme ned på dei djupna der denne arten i hovudsak veks. Her viser vi eksempelvis til EPIGRAPH prosjektet til Havforskningsinstituttet, som starta allereie i 2008, der dei gjorde ei omfattande kartlegging av store delar av Hardangerfjorden, men ROV kabelen var berre 500 meter lang. Dei kartla noko, men kom ikkje djupt nok til å få ein full oversikt over utbreiinga til bambuskorallane.

Merknad frå Fylkesmannen

Kunnskapsgrunnlaget

Det marine naturmangfaldet i Hardangerfjorden er generelt sett dårleg kjent. I tillegg er det viktig å peike på at NVE si vurdering av konflikt med det marine naturmangfaldet er basert på kunnskap som går mange år attende.

Slik førekomstane av bambuskorallskogen ligg i fjorden, vil det etter vår vurdering ikkje vere mogleg å unngå å gå gjennom naturtypen når ein skal leggje kabelen. Vi viser dermed til KU-forskrifta § 28 sitt krav om at ansvarleg styresmakt skal nytte oppdatert kunnskap som grunnlag for vedtak. Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12 vil òg vere viktig som grunnlag for vedtaket.

Fylkesmannen rår difor OED til å vurdere konkret om nytt kunnskapsgrunnlag i form av tilleggsutgreiingar er nødvendig og avgjerande for den vidare sakshandsaminga, og om oppdatert kunnskap er ein viktig føresetnad for eventuelt å kunne sette vilkår som sikrar omsynet til det marine naturmangfaldet.

Dersom det vert gjeve konsesjon på grunnlag av eksisterande kunnskapsgrunnlag, må eventuelle avbøtande tiltak inngå i Miljø-, transport- og arealplanen (MTA-plan). Fylkesmannen meiner OED i alle høve må stille krav til meir undersøkingar av sjøbotnen for å betre kunnskapsgrunnlaget for aktuelle vedtak i saka.

Medverknad

Slik vi vurderer prosessen knytt til høyringa i denne saka er det problematisk at ny naturfagleg kunnskap ikkje er gjort tilgjengeleg for alle høyringspartar. Krava til offentleg medverknad er ein sentral premiss i konsesjonssøknaden. Det er difor nødvendig at ansvarlege styresmakter gjer tiltak for å sikre at oppdatert kunnskapsgrunnlag er tilgjengeleg for alle høyringspartar, og denne inngår i saksdokument og avgjerdsgrunnlaget på vanleg måte, jf. naturmangfaldlova § 7.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL